

Fra: Thorbjørn Aarethun
Sendt: 10. november 2017 11:42
Til: Matti Torgersen
Cc: bs@vest-telemark.no
Emne: VS: Handlingsprogram 2018-23. E134.

Hei Matti!

Legger du eposten under inn i NTP-saken som uttale frå Haukelivegen A/S

Thorbjørn Aarethun

Seksjonsleiar
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen

Mob: (+47) 920 58 252 | thorbjorn.aarethun@hfk.no
Agnes Mowinckels gate 5 | Pb 7900 | 5020 Bergen

Fra: Børge Skårdal [mailto:bs@vest-telemark.no]
Sendt: 10. november 2017 11:23
Til: Thorbjørn Aarethun <Thorbjorn.Aarethun@hfk.no>
Emne: VS: Handlingsprogram 2018-23. E134.

Hordaland fylkeskommune

v/ samferdselsavdelingen – Thorbjørn Aarethun

Vegvesenet sitt forslag til handlingsprogram 2018-23.

Vi håper Hordaland fylkeskommune i sitt høyringssvar vil følgje opp tidlegare arbeid for E134 og ber om at punkta nedafor blir vurdert og innpassa i uttala:

Utbygging Seljestad-Røldal-Vågsli.

Det er positivt at Stortinget har opna for oppstart av E134 Seljestad-Røldal med bompengandelen i første 6-årsperiode av NTP 2018-2029 og at dette blir reflektert i forslag til handlingsprogram. Det blir nå tatt sikte på at arbeidet med bompengeutgreiing for heile fjellovergangen (Seljestad-Vågsli) kan starte rundt årsskiftet 2017/-18, og at det blir fremja ein samla bompengeproposisjon. Det blir forventa at Vegvesenet bidreg aktivt i dette arbeidet og med å fremje saka for sentrale myndigheter.

Planlegging Saggrenda-Vågsli.

E134 Saggrenda-Elgsjø har byggestart i 2024-2029. Det må sikrast midlar til kommunedelplan for E134 Saggrenda-Vågsli i tråd med KVU/KS1 for Saggrenda-Gvammen og KVU/KS1 for Gvammen-Vågsli slik at heile strekninga blir sett og utvikla under eitt. Vi har ei sterk forventning om at dette blir innarbeidd i Vegdirektøren si endelege fastsetjing av handlingsprogrammet og at planarbeidet kan starte i 2018. Strekninga Gvammen-Vågsli i ny og innkorta korridor må snarast få eit positivt vedtak i regjeringa i samsvar med tilrådinga i KVU/KS1.

Utgreiing av arm til Bergen frå E134.

Det store samfunnsøkonomiske potensialet som ligg i å utvikle eit raskare vegsamband aust-vest over Haukeli er grundig dokumentert i aust-vestutgreiinga og seinare i rapportane om KVVU og KS1 for Gol-Voss og for Gvammen-Vågsli. Vi tar opp att tidlegare ynskje/krav om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir analysert gjennom ein KVVU, slik det blei tilrådd av Statens Vegvesen i aust-vestutgreiinga.

Med vennleg helsing
E134 Haukelivegen AS
Børge Skårdal, dagleg leiar
97037989; www.134.no; bs@vtnu.no